

SKAGENESET 1940 – 1945

Eg stod på overgangen mellom barn og vaksen, 15 år gamal. Framtidsvonene var store, ei fin ungdomstid hadde eg framfor meg, trudde eg.

Då med eitt, ein fin vårdag i april 1940, la det seg brått ei kald og klam hand over meg, heimen min, bygda og heile landet vårt. Den kalde handa kom i form av ei framand hærmakt som la landet vårt under seg. Våre eigne styresmakter kom på flukt, fortalde dei som var skikkeleg vaksne og fylgde med. Eg hugsar at eg var svært ottefull for korleis det skulle gå med kongen vår, kronprinsfamilien og dei små prinsessene og prinsen vår. Då vi høyrde at dei var komen vel over "fjorden", det vart eit uttrykk seinare, då vart eg glad.

Det var mange lovendingar og restriksjonar og so rasjoneringa då. Det vart mindre og mindre å få kjøpt. Eg hadde tenkt å reisa til byen å få arbeid, det vart det ikkje noko av, det var for farleg med bombing og alle slags fårar, sa mor. Alle dei fine kleda og skoene eg skulle kjøpa, nei det laut nok venta.

Me trudde frå fyrst av at krigen ikkje ville vara so lenge. Me tok feil, den varte og åra gjekk. I blant vart eg gripen av ei kjensle av at vi kanskje ikkje vann denne krigen, kanskje ville det verte slik for ettertida. Det verste var kjensla av at me haldt på å verta vane med stoda. Me hadde ikkje radio, men frå dei som hadde det, fekk me høyra at våre gode naboar over "fjorden" slost saman med oss, og at krigen skulle me vinna. Men me slost då ikkje, det kunne eg forstå, og det var det at ingenting hende som gav meg kjensle av kveling.

So med eit hende det. Sjølv sagt hadde det hendt før, mange stader, langs heile kysten vår, det var berre me som ikkje hadde visst om det. Heller ikkje skulle folk flest vita om det, for dette var fårlege saker om det kom fienden for øyro.

Heimefront, undergrunnsrørsla, to ord som gav tru og von, ei velgjerande kjensle av at det hende noko, folket vårt var ikkje so lamma og bortkomne som eg hadde trudd.

No tok vi til å ana kvifor vi hadde høyrte at folk vart tekne av Gestapo og torturert på det verste, tekne livet av ogso i verste fall. Gissel var eit ord eg ikkje hadde høyrte før, det kom no for dagen og tydinga av det vart meir og meir klår.

Heimefronten hadde greiner i alle retningar, ogso i bygda vår. Dei som var kontaktar kjende til Skageneset og visste at det låg avsides til. Den første kontaktmannen Mikkael Harkestad kom til oss i skyminga ein kveld. Mor kjende han ikkje, ho trudde frå fyrst av at han var ute som spion. Eg er åleine med tre born og vil ikkje ha noko med dette å gjera, var svaret ho gav. Mikkael gav seg ikkje so fort. Han fortalde at han hadde vore på fiske saman med far før i tida og hadde mange stubbar frå den tida. Det enda med at mor kjende att desse historiane og skyna at mannen snakka sant og at han var ein god nordmann. Då han for frå oss med lovnad om at vi ville vera med og gjera det vi kunne i flyktingetrafikken, sat mor at med eit stort problem.

Vi borni hadde ikkje vore heime denne kvelden og kor mykje kunne ho fortelje oss om dette, og ville vi ha vit til å halde tett om det vi vart med på. Alderen på oss var då ca 17, 14 og 13 år. Det enda med at ho fortalde alt det vi trong å vite og let oss forstå kor fårlegt det var. Vart det her snakka for mykje og noko gjekk gale, kunne mange menneskeliv gå tapt.

Dei fyrste flyktingane kom. Ei mor med to gutar var dei fyrste. Gestapo var på jakt etter denne kvinna fordi mannen hennar hadde "vert borti nokon" som vi sa, og var reist til England. Dei var hjå oss i nokre dagar og det var ikkje lett for dei to gutane som måtte halda seg i ro innandørs so lenge. Sidan kom det fleire, menn, kvinner og born, stundom fleire på ein gong. På det meste var det tretten rundt stovebordet utanom oss sjølve. Ei lov sette vi og den var lik for alle, for skipsreiaren som for vaskekona. Ingen måtte gå ut i dagslys. Dette fordi det kunne verta snakk mellom naboar om alle desse folka i Skageneset og ein visste ikkje kven som stod ved sida av når ein tala den gongen.

No var det eit problem at vi hadde "utedo". Ei bøtte med lok vart sett på lemnen og den tente som toalett til krigen var slutt.

Hans Helle var komen inn i billede, det var han som kom med flyktingane den fyrste tida. Sidan vart det slik at både broren min Nils, og eg laut ta del i den jobben.

Flyktingane kom til Manger med rutebåten "Varden" og der måtte dei hentast. So bar det som oftast sjøvegen til Skageneset. Dette var greitt den tida på året det var mørkt om kveldane og båten var sein. Verre var det sumarkveldane når sola stod høgt på himmelen. Då vart det ofte eg som måtte ta robåten og fara avstad. Me meinte at ingen ville tru at ein jentunge var ute i ulovleg ærend. Denne operasjonen gjekk føre seg på den måten at Hans Helle kom på land med flyktingane i ei rekke etter seg. Då sistemann var komen på land kasta Hans tilfeldig på hovudet mot meg, eg let som eg ikkje kjende han, snudde meg og gjekk mot robåten. Eg torde ikkje snu meg å sjå, håpa berre at flokken hang på so ingen kom på avvegar.

Eit problem var det då eg skulle ro utover langs kaien, som var full av folk. Ofte låg det tyske vaktbåtar der. Dei prøvde eg å dra nytte av. Eg rodde so nær oppunder sida på dei som råd var. Marinegastane langs rekkja såg ikkje noko sær med dei folka eg hadde i båten. dei var mest oppteken av denne jenta dei etterkvart vart vane med, og som stundom kunne finna på å vinka og smila til dei. At smilet var kaldt og temmeleg falskt gredde eg visst å skjula.

Heime i Skageneset vart det eit spørsmål kvar vi skulle ta maten frå. Utkoma var heller dårleg frå før og med so mange munnar å mette vart det reint gale. Vi laga potetkaker og strilekaker og so for vi på alle butikkar som fanst rundt her for å kjøpa brød. Med det forbruket vi hadde når det gjaldt brød var det alt for mistenkjeleg å kjøpa alt på ein stad. Brødmerker hadde vi nok av. "Gjestane" våre hadde ofte med seg brødkorta sine. Dei var då stempla ved andre forsyningsnemnder, og det måtte klippast burt og brennast. So var det ikkje lov å bruka lause merker. No var det slik at vi noko tidlegare hadde misst rasjoneringskorta. Etter mange turar til forsyningsnemnda og mange søknader fekk vi nye kort. Dette skulda vi på, mor sende med oss merker, nok til dei brøda vi skulle ha og butikkane fann seg motvillig i dette. Helena Sjursen på Hella gav oss mange brød og mykje mjøl utan diskusjon og spurde vi om ho kunne venta med pengane ei tid var det ikkje nei i hennar munn. Mange gongar stod nervane våre i høgspenn. Eg hugsar ein gong vi hadde mykje folk, mellom dei to born 5 og 7 år gamle. Det var i kveldinga at Mikkael kom farande med melding om at Gestaposkøyta var på veg utover. Dei nærma seg Sæbø og føretok rassia i husa der dei for framom. Kva dei såg etter visste han ikkje, kunne det vera flyktningar tru? Dette var alvorlige greier og vi måtte leggja ein plan for å få vekk folka. Kva skulle vi gjera no? Einaste utvegen var å ta dei i robåten og ut til ein holme litt utanfor den vanlege leia. Det store spørsmålet var korleis dei to barna ville ta det om dei vart oppvekte frå sin gode søvn. Barneskrik var ikkje det vi ynskte å mest akkurat då. Då vi hadde gjort i stand mat og klede, alt det vi hadde av ulltepper og pledd, og alt var plassert i naustet, laut vi finna ut kor langt Gestapo var komne.

Mikkael og Nils gjekk på kvar sin høge haug for å fylgja med kvar skøyta tok vegen. Eg vart send innover til soknepresten vår, Otto Holmås, som ogso var med i heimefronten. Kanskje han hadde kontaktar som kunne finna ut kor langt tyskerane hadde tenkt seg. Han fann ut at vi kunne ta det med ro, det var lite sannsynleg at tyskarane for utanom allfarvegen no mot nattetider, dei var redde for livet sitt dei og må vita. Eg kom heimatt og vi prøvde å roe dei som satt der i stor otte. Det leid no langt på kvelden men ingen kunne leggja seg, berre dei to borni sov trygt utan å vita kva fåre dei var i.

Endå seinare kom Mikkael og Nils att. Då hadde Gestapo snudd og var på veg sørover att. Faren var over for denne gangen, men den skjelven eg hadde fått i kroppen varte lenge. Då vi langt utpå natta gjekk til køys var det vanskeleg å få sova. Kvar gong eg kjende søvnen kom kvakk eg til, eg tykte eg høyrde Gestapostøvlar på berget utanfor huset.

Etter kvart kom livet i sitt vante gjenge att men vi vart slitne etter kvart. Og so den pengeløysa, vi hadde rett og slett ikkje pengar. Alt skulle koma frå dei to kyrne vi hadde og 10- 15 høns. Vel var det lite å få kjøpt, men det vi hadde å setja på bordet til folk på slutten var så skralt at vi skjemdest. Mange gongar snakka vi om dette og kom til at vi måtte halda opp. Vi orka ikkje meir. No er det slutt.

So banka det på døra att ein kveld og utanfor sto det ein flokk menneske i livsfåre. Ja ja, de får koma inn då, sa mor.

105 personar for soleis gjennom våre dørar i krigens dagar.

Dei skulle vidare, Shetland var målet og før dei var framme der var det ikkje slutt på fårane.

Frå Skageneset til Shetland var eit bra stykke veg å fara. Tyske vaktbåtar tråla fjorden på kryss og tvers og fly på vingene til alle tider. Her laut brukast vit og list og lempe. Sterke armar laut dei ogso ha dei som skulle ro den første biten av vegen.

Ute i Øygarden var staden "Shetlandsbåten" kom inn i ly av nattemørket. Dei to robåtane våre var i flittig bruk. Den eine av desse båtane var stor og sterk, nesten ny. Den andre var mor litt redd for. Den var liten og nett, men særst godt egna for det vi eigentleg brukte den til, ro til handelsmannen og fiske til heimebruk. Øydelegg dei denne båten for meg, kan eg ikkje greia meg i Skageneset, sa mor.

Når veret var lageleg, var det råd å sigla over fjorden til Øygarden med nokre menneske i kvar båt. Ein garnhaug laut det likavel vere plass til, det skulle sjå ut som det var fiske dei dreiv med med desse båtane. Ein laut for all del ikkje vekkja nokon mistanke hjå dei tyske vaktbåtane.

Det kunne hende at veret var mindre lageleg, med regn og vind, kaldt kunne det ogso vera. Då var det vondt å senda folk frå seg. Her kom dei gode ullteppa som mor hadde vevd godt med. Når vi fekk dei heimatt bar dei tydelege merker etter sjøturen, ei blanding av sjøsprøyt og oppkast fortalde oss korleis gjestane våre hadde opplevd turen.

Eg nemde at vi hadde 13 menneske på ein gong. Her var det med ei lita jente ca to år gamal. Då dei skulle fara tok det til å blåsa alt kvelden i førevegen. Det auka på utover natta og om morgonen var det uråd å fara med robåttil Øygarden.

Ein mann på Toska, Konrad Martinussen, vart redninga denne dagen. Han førde ei skøyte heimefronten hadde kjøpt. Denne skulle vera til transport av flyktningar og losji om det trongst. Båten var registrert som fiskebåt og laut soleis vera på feltet iblant, ogso her laut ein ha ryggen fri.

Til all heppe var Konrad heime med båten den dagen. Konrad var kjend som ein påliteleg og dyktig mann på sjøen. Far hadde fortald mykje om han, frå den tida dei dreiv fiske saman, far kunne ikkje rose han nok for hans dugleik på sjøen.

To mann rodde til Toska og hadde ein stri tørn i den sterke kulinga. Dei fekk tak i Konrad og han gjorde seg klar. Heime hjå oss stod tretten menneske og såg med gru ut gjennom vindauga, at dei grudde seg til turen var tydeleg å sjå. Dei visste då heller ingenting om reiseruta.

Det er mogleg dei trudde turen gjekk direkte til Shetland med dei små farkostene vi hadde. Då vi kunne trøysta dei med at her ville koma ei stor skøyte med ein stø og erfaren førar, var det liksom dei fekk meire mot.

At Konrad visste kva han gjorde fekk vi prov på då han losa skøyta millom holmar, skjer og fluer, og sette baugen opp mot land på vestsida av Skageneset. Sjøen stod som ein røyk rundt oss der vi stod og prøvde å hjelpa folk om bord. Det tok tid, for båten duva opp og ned og Konrad måtte bakka heile tida for at båten ikkje skulle ta skade av slag mot bergvegen. To karar tok småjenta som sat i sportsvogn mellom seg og ho kom vel om bord saman med dei andre. Over fjorden kom dei og velberga til Shetland, men kledda vi fekk heimatt den gongen var ikkje til å ta i.

Det låg liksom noko i lufta. Dei sparsome meldingane vi fekk sa oss at no ville ikkje krigen vara lenge. Hjå oss merkast det på det viset at det tok til å kome folk heimatt frå England ogso. Tre karar fyrst. Dei prata mykje saman og vi skulle ikkje høyre det. Av det eg oppfatta skyna eg at dei hadde viktige oppgåver ved ei frigjering av landet vårt. Dei for vidare og kort tid etter kom det ein mann. Han installerte seg på lemnen, med mykje apparat og leidningar. Det hadde sikkert noko med radiosendar og mottakar å gjera fann vi ut, vi hadde lite greie på slikt den gongen.

Mannen snakka svert lite, men ein dag kom han ned for å få ein kopp rikakaffi. No er det ikkje mange timane att, sa han. Me såg på kvarandre, kunne dette vera sant? Me våga ikkje tru det.

Dagen etter tusla eg med noko på kjøkkenet. Mor var på åkeren og sette poteter. Då kom mannen ned frå loftet og gjekk ut, han braut den lova vi hadde sett og som hadde voren halden heile tida. Eg for etter han. Då stod han i gatedøra. Han hadde på seg Norsk uniform. Eg må ha sett underleg ut, for han lo og sa berre: Det er over no, krigen er slutt. So gjekk han oppatt på loftet. Eg gret.

Mor stod framleis i åkeren, eg måtte burt å fortelja henne dette. Ho vart heilt vitskremd. Det har rabla for mannen sa ho og sprang heim for å sjå til han. Han kjem til å gjera noko gale, heldt ho fram, medan ho sprang. Nei, han gjorde sovisst ikkje noko gale.

Då vi kom opp på haugen bakom løa, såg vi norske flagg kring på gardane. Og fleire kom til etter kvart som nyheita spredde seg. Krigen var slutt.

Ingeborg Skagenes